



Felles ungdomsskule på Kvernaland

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Ungdomsrådet	027/26	25.08.2026
Utval for levekår	039/26	26.08.2026
Time formannskap	040/26	02.09.2026
Time kommunestyre	050/26	08.09.2026

Kommunedirektøren si innstilling

- Time kommunestyret vedtek vedlagt vertskommuneavtale mellom Klepp og Time kommune om felles ungdomsskule på Kvernaland med verknad frå og med 1. august 2027. Oppstart for felles ungdomsskule er skuleåret 2027/2028.*
- Nødvendige tilpassingar som må gjennomførast av bygg og uteområde blir gjennomført frå hausten 2026 og ferdigstilt til skulestart 2027. Det blir sett av 500 000 kroner til forprosjekt i 2. tertial. Total investeringsramme vil bli innarbeida i Time kommune sin handlings- og økonomiplan 2027-2030.*
- Det skal leggst fram ei namnesak for ungdomsskulen med utgangspunkt i at dette blir ein ny felles ungdomsskule for Orstad og Frøyland.*

Ungdomsrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

UNG - 027/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyret vedtek vedlagt vertskommuneavtale mellom Klepp og Time kommune om felles ungdomsskule på Kvernaland med verknad frå og med 1. august 2027. Oppstart for felles ungdomsskule er skuleåret 2027/2028.*
2. *Nødvendige tilpassingar som må gjennomførast av bygg og uteområde blir gjennomført frå hausten 2026 og ferdigstilt til skulestart 2027. Det blir sett av 500 000 kroner til forprosjekt i 2. tertial. Total investeringsramme vil bli innarbeida i Time kommune sin handlings- og økonomiplan 2027-2030.*
3. *Det skal leggst fram ei namnesak for ungdomsskulen med utgangspunkt i at dette blir ein ny felles ungdomsskule for Orstad og Frøyland.*

Utval for levekår

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULE - 039/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyret vedtek vedlagt vertskommuneavtale mellom Klepp og Time kommune om felles ungdomsskule på Kvernaland med verknad frå og med 1. august 2027. Oppstart for felles ungdomsskule er skuleåret 2027/2028.*
2. *Nødvendige tilpassingar som må gjennomførast av bygg og uteområde blir gjennomført frå hausten 2026 og ferdigstilt til skulestart 2027. Det blir sett av 500 000 kroner til forprosjekt i 2. tertial. Total investeringsramme vil bli innarbeida i Time kommune sin handlings- og økonomiplan 2027-2030.*
3. *Det skal leggst fram ei namnesak for ungdomsskulen med utgangspunkt i at dette blir ein ny felles ungdomsskule for Orstad og Frøyland.*

Felles ungdomsskule på Kvernaland

Saka gjeld

Oppfølging av sak [KS 043/26](#) i Time og sak [40/26](#) i Klepp kommunestyre med forslag til vertskommuneavtale om felles ungdomsskule på Kvernaland.

Saka skal handsamast i kommunestyra i Klepp- og Time kommune.

Saksopplysningar

Klepp kommune stilte i brev til Time kommune 06.02.26 spørsmål om moglegheiter for ein felles framtidig ungdomsskule på Kvernaland.

I svar frå Time kommune 10.03.26, blei det presentert nåverande elevtal og prognosar for ein felles ungdomsskule fram til 2034. I denne perioden er det plass til ungdomstrinna på Frøyland og Orstad på ein felles ungdomsskule dersom ein tek i bruk deler av Kvernhallen, som er bygd for sambruk mellom barneskulen og ungdomsskulen på Frøyland. Time kommune opplyste også om at dersom det er behov for fleire elevplassar etter 2034, er det mogleg å løyse dette gjennom eit tilbygg på Frøyland ungdomsskule.

Eigarform

I initiativet frå Klepp kommune blei det stilt spørsmål om eit eventuelt samarbeid kunne åpne opp for at Klepp kommune kunne drifte ein felles ungdomsskule. Dei to skulane på Frøyland har i dag sambruk av kantine, naturfagrom og kroppsøvingslokale i Kvernhallen. Omfanget av sambruk mellom dei to skulane blir utvida ved ein felles ungdomsskule når klasseromma i Kvernhallen også blir tatt i bruk av ungdomsskulen. Fram til nå har klasseromma blitt disponerte av Frøyland skule. Etter møte mellom kommuneadministrasjonane i Klepp og Time blei det konkludert med at det er naturleg at Time kommune driftar ein felles ungdomsskule grunna utstrekt sambruk av bygga.

Verksemdsoversdraging

Samarbeidsavtale om felles ungdomsskule vil medføre ei verksemdsoversdraging etter [Arbeidsmiljølova kapittel 16](#). Klepp kommune vil ved vedtak om avtale om felles ungdomsskule, drøfte overdraginga med hovudtillitsvald og plasstillitsvalde. Avgjerd om kva tilsette som blir del av verksemdsoversdraginga blir gjort av Klepp kommune med grunnlag i tilsettings- og kvalifikasjonskrav for å undervise på ungdomstrinnet.

Det vil deretter fortløpande bli gitt informasjon til dei tilsette på ungdomstrinnet ved Orstad skule om konsekvensar og rettar dei har i ei overdraging. Dei tilsette kan reservere seg mot overdraginga.

Når verksemdsoverdraginga er gjennomført blir arbeidsforholdet overført til Time kommune som vidarefører vilkåra og handterer eventuelle endringar innanfor gjeldande regelverk (jf. Aml kap. 16).

Økonomisk kostnadsfordeling mellom kommunane knytt til drift av felles ungdomsskule jf. vertskommuneavtalen, vedlegg1.

Vertskommuneavtalen er utforma etter same struktur som tilsvarande avtale knytt til Vardheia ungdomsskule.

Hovudforskjellen er at Klepp kommune eig 50 % av Vardheia ungdomsskule, og dermed tek 50 % av driftskostnadene knytt til bygg og uteområde. I vedlagt forslag til vertskommuneavtale har ein nytta kostnadsfordeling tilsvarande andre interkommunale samarbeidsavtalar mellom Klepp og Time.

Undervisning

Følgande tabell, tilsendt av Klepp kommune, er lagt til grunn for endring av elevtal på Frøyland ungdomsskule i tildelingsmodellen til Time:

Faktiske elevar ved Orstad skule (eks. elevar ved Orstad læringssenter)								
Elevar	2025/26	2026/27	2027/28	2028/29	2029/30	2030/31	2031/32	2032/33
8. trinn	29	33	32	25	30	30	39	36
9.trinn	28	29	33	32	25	30	30	39
10.trinn	25	28	29	33	32	25	30	30
Sum	82	90	94	90	87	85	99	105

Tabell 1

Orstad skule har 90 elevar og Frøyland ungdomsskule har 165 elevar på 8.-10. trinn skuleåret 26/27. Vertskommuneavtalen legg til grunn ei kostnadsfordeling av skuledrifta som følgjer elevtalsutviklinga i dei to kommunane. Klepp sin del ut frå denne forutsetninga blir 35,3 prosent for skuleåret 2026/2027.

Timemodellen inkluderer berekning for administrasjonsressursar, basisressursar undervisning, arbeidstidsavtalar, funksjonstillegg og styrking. Modellen tek ikkje omsyn til eventuelle behov for 100 % stillingar for å følgja opp elevar med særskilte behov (1:1), eller bokmålsklassar dersom dette medfører at det må opprettast ekstra klassar enn elevtalet tilseier. Elevar frå Klepp kommune som går på alternativ tilrettelagd opplæringsarena på barnetrinnet ved Orstad læringssenter (OLS) får tilbod om å gå vidare her på ungdomstrinnet.

Ungdomsskulen på Frøyland har ikkje leirskule.

Administrasjon, skulehelseteneste og bygg

Vertskommuneavtalen legg til grunn tilsvarande andre vertskommuneavtalar med eit husleigepåslag på 5 % av brutto driftsutgifter, og at det vert lagt til 4 % i administrasjonspåslag. Totalt ville det gitt følgande kostnader for Klepp kommune for skuleåret 2026/2027 og skuleåret 2027/2028:

Utgifter	Inkl 4% lønnsauke i 2026/27	Inkl. 3,7% lønnsauke i 2027/28
Elevar	kr. 11 045 000	kr. 12 300 000
Skulehelseteneste	kr. 195 000	kr. 210 000
Husleige 5%	kr 520 000	kr. 650 000
Adm påslag 4%	kr. 472 000	kr. 525 000
Sum	kr. 12 274 000	kr. 13 661 000

Tabell 2

Estimert kostnad for Klepp kommune sine elevar dersom dei hadde vore del av skuleåret 2026/2027 i Timemodellen, er 11 millionar kroner jf. tabell 2.

For skuleåret 2026/2027 er det lagt til ei lønnsauke på 4 %. For skuleåret 2027/2028 er det lagt til forventa drifts- og lønnsauke. SSB sitt anslag for lønnsauke i 2027 er på 3,7 %.

For drifta er det auke i utrekninga på lærarnorma grunna ei auke på 4 elevar for Klepp kommune. _Antal elevar knytt til Time går ned, mens talet på Klepp-elevar går opp. Fordelingsnøkkel for 2027/2028 per d.d blir:

Elevtal	2026-27 antal	2026-27 prosent	2027-28 antal	2027-28 prosent
Klepp	90 elevar	35,3%	94 elevar	36,4%
Time	165 elevar	64,7%	164 elevar	63,6%
Sum	255 elevar	100%	258 elevar	100%

Tabell 3

Bygg og uteområde

Det er nødvendig å utvida personalfasilitetane, slik at ein har arbeidsplassar til om lag 10 ekstra årsverk. I tillegg må praktisk avdeling med kunst og handverk utvidast og rehabiliterast. Det vil gjennomførast ein kvalitetssjekk av ventilasjonssystemet i B bygget på Frøyland skule for å sikra kapasitet til auken i elevar frå barnetrinnet.

Berekning av uteareala for Frøylandsskulane, basert på forslag til krav frå [Helsedirektoratet](#) om 30 m² per elev, viser ein kapasitet på 865 elevar. Det er behov

for å oppgradera og tilpassa uteområdet mellom barneskulen og ungdomsskulen, i tillegg til ballflate på Frøyland ungdomsskule, som allereie er planlagt.

Det er behov for 500 000 kr til eit forprosjekt for å planlegge dei tilpassingane som må gjerast og kostnadsberekne desse. Forprosjektet vil bli gjennomført hausten 2026, medan tilpassingane vil skje våren 2027 og skal vere klart til skulestart. Investeringsprosjektet vil bli innarbeidd i handlings- og økonomiplanen 2027-2030 basert på berekningane frå forprosjektet. Det vil bli søkt Husbanken om [rentekompensasjon for skular](#). Husleigeinntektene frå Klepp kommune skal finansiera dei samla utgiftene Time kommune har knytt til samanslåing til felles ungdomsskule.

Framdrift

Det er planlagt for mottak av elevane frå Orstad ved skulestart august 2027. Elevar på Frøyland ungdomsskule blir flytta til klasseromma i Kvernhallen januar 2027. Dette for å unngå ekstra kostnader med å leige modulbygg i perioden med ombyggingar på Frøyland ungdomsskule våren 2027.

Time kulturskule har desentralisert tilbod om undervisning ved Frøyland skule for elevane i Frøylandskrinsen. Det er gjennomført møte mellom fagstab skule og rektorane og avtalt øvingsfasilitetar og lager som dekker behova.

Namngiving

Kommunedirektøren vurderer at det bør setjast i gang ei namnesak for ungdomsskulen. Dette med mål om eit nytt namn som reflekterer at det vert etablert ein ny felles skule for Orstad og Frøyland.

Proessen vil skje i tråd med Time kommune sitt reglement for gjennomføring av kommunale byggje- og anleggsprosjekt punkt 1.3 (*Vedlegg 2*):

1.3 Når eit kommunalt byggje- eller anleggsprosjekt er innarbeidd i økonomiplanen og fullfinansiert, skal det setjast i gang namnesak. Forslag til namn skal ta utgangspunkt i lokale stadnamn. Bygg og anlegg skal som hovudregel ikkje kallast opp etter personar. Før namnet vert fastsett, skal lokale organisasjonar som har ei særleg tilknytning til bygget eller anlegget, få uttala seg. Etter dette vert det lagt fram sak for Utval for lokal utvikling som fastset namnet endeleg.

Medverknad

Skuleadministrasjonane i Klepp og Time vil i samarbeid planlegge for prosessar som omhandlar elevar, føresette og tilsette på begge skulane i overgangen til felles ungdomsskule. Elevråda, foreldrearbeidsutvala og tillitsvalde på Orstad skule og Frøyland ungdomsskule skal involverast og medverke i prosessen med å legge til rette for at alle elevar og tilsette får ein god oppstart og eit godt lærings- og arbeidsmiljø på den nye skulen. I dette arbeidet vil overgangsplanane i begge kommunane vere del av grunnlagsarbeidet.

Vurdering

Ein felles ungdomsskule er ei framtidretta og berekraftig løysing som gir god utnytting av eksisterande skulebygg og styrker det faglege og sosiale læringsmiljøet for elevane i begge kommunane.

Den planlagde framdrifta for arbeidet med felles ungdomsskule reduserer behovet for mellombelse løysingar, og legg til rette for ei kostnadseffektiv gjennomføring. Det blir lagt vekt på at elevar, føresette, tilsette og tillitsvalde skal involverast aktivt i planlegginga og gjennomføringa av overgangen til ein felles ungdomsskule. Dette vil vere viktig for å sikre ein god overgang og eit trygt lærings- og arbeidsmiljø for alle involverte.

Det er naturleg at Time kommune er vertskommune for samarbeidet, då det er omfattande sambruk mellom barne- og ungdomsskulen. Kostnadsfordelinga mellom kommunane følger elevtalsutviklinga og bygger på kjende prinsipp frå tilsvarande vertskommunesamarbeid. Kommunedirektøren vurderer det som ein styrke at ulike interkommunale samarbeid nyttar likelydande prinsipp knytt til økonomi. Det sikrar likebehandling uavhengig av kva kommune som er vertskommune.

Kommunestyret behandla i juni 2026 sakene [KS-043/26](#) og [KS-044/26](#) som begge gjaldt utarbeiding av forslag til vertskommuneavtalar høvesvis innan felles ungdomsskule og felles hjelpemiddellager. Når kommunedirektøren nå innstiller på å inngå vedlagt vertskommuneavtale er det med utgangspunkt i at dei økonomiske prinsippa vil bli like i dei to avtalane.

Konklusjon

Ein felles ungdomsskule frå skuleåret 2027/2028 er ei god og framtidsretta løysing. Samarbeidet gir god utnytting av eksisterande kapasitet, eit styrkt læringsmiljø for elevane og ei føreseieleg kostnadsfordeling mellom kommunane.

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret godkjenner vertskommuneavtalen og dei nødvendige investeringane for å realisere prosjektet.

Kommunedirektøren vil legge fram ei namnesak for ungdomsskulen med utgangspunkt i at dette blir ein ny felles ungdomsskule for Orstad og Frøyland.

Kommunedirektøren i Time, den 18.08.2026

Trygve Apeland

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur